

## Saksprotokoll i 03.03.2020 - fylkestinget

Fylkesordføraren gav slikt svar:

### «Spørsmål 1

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommune har begge, med vedtak i dei to fylkestinga, erklært klima- og miljøkrise i 2019. I begge vedtaka står det at dette også er eit premiss for det vidare arbeidet i Vestland. Desse føringane ligg såleis til grunn for fylkesordføraren sitt arbeid, slik det òg vil gjere for eit samla fylkesting, og for administrasjonen i Vestland fylkeskommune. Eg er eining i at vi står overfor ei klima- og miljøkrise eller økologisk krise, om ein vil bruke den nemninga.

Slik fylkesordføraren ser det har vi ei svært viktig rolle i arbeidet med å stoppe klimaendringane, jf. berekraftsmål nr. 13. Vi er i gang med arbeidet, men vi er likevel avhengig av å auke innsatsen for å kunne nå måla vi har sett oss. Rammevilkåra fylkeskommunane har framover, og bidraga vi får frå nasjonalt nivå er avgjerande for at vi kan lukkast i arbeidet med å klimaomstille fylket.

Vedtaka om klima- og miljøkrise inngår også i føringane for arbeidet med utforming av Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Som de kjenner til vert det no arbeidd med å utarbeide mål, strategiar og planbehov for perioden. Som ei tilråding for vidare arbeid vedtok Planutvalet i januar 2019 m.a. at:

Planutvalet legg til grunn at regional planstrategi og vektlegging av dei ulike berekraftmåla skal bidra til å styrkja nærings- og folketalsutviklinga i fylket (saksnr. 2020/1420-1)

1. Planutvalet sluttar seg til desse overordna måla for Regional planstrategi 2020-2024:

#### **Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling**

Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

### Spørsmål 2

Vestland fylke må ta leiarrolla, som det mest klimaomstillingsdyktige fylket i landet. Dette fordi eg meiner at Vestland alt spelar ei avgjerande rolle for det grøne skiftet i Noreg, pga ferjer, bussar, hurtigbåtar, eldrosjar. Det er her det skjer, og det som skjer er drive fram av eit aktivt næringsliv og handlingar med stor nytteverdi. Me kan dermed leia an i lokal handling, som gir teknologi som kan seljast globalt. Dermed er det også grunnlag for ein sterkare innbyggjarvilje til å vera med på klimadugnaden. I åra framover må samfunnet gjennom ei omfattande omstilling for å førebu seg på utfordringane knytt til overgangen frå ein oljebasert- til ein kunnskapsbasert økonomi og eit grønt skifte.

Forslag til «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» som nyleg vart handsama i Hovudutval for næring peiker på at overgangen frå fossil til grøn og fornybar energi, nullutslepptransport og grønt næringsliv kan skape nye arbeidsplassar i Vestland. Programmet skal bidra til lokal verdiskaping basert på grøn konkurransekraft. Vi ser allereie konturane av dette i prosessen med ferjeandboda og anbod på hurtigbåt, der også lokale leverandører jobbar for å levere. Slik kan næringslivet i Vestland bidra til å løyse globale utfordringar og å redusere klimagassutslepp og miljøulempir samstundes som verdiskaping og sysselsetting blir trygga.

Å stoppe klimaendringane er ei felles utfordring der vi saman må kome opp med dei gode løysingane. Her vert berekraftsmål nr 17. samarbeid om å nå måla viktig.

Vedtak i dei to tidlegare fylkestinga:

Hordaland fylkesting sette «Erklæring av klimakrise og miljøkrise» PS 61/19 på dagsorden på junimøtet i 2019. Følgjande vart vedteke:

1. Hordaland fylkesting erklærer at vi nå lever i en klima- og miljøkrise
2. Fylkesrådmann bes sikre at dett er et premiss for videre arbeid i Hordland og nye Vestland.

Sogn og Fjordane fylkesting erklærte klima- og miljøkrise 8.10.2019 jfr. kommunelova kap. 6A om innbyggjarinitiativ. Følgjande vart vedteke:.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærer klima- og miljøkrise. Vi erkjenner at fylket står overfor utfordringar som er omfattande og krev ekstraordinære tiltak.
2. Vi ønskjer å styrke klimaomstillinga ved å setje i verk berekraftige tiltak til beste for samfunnet, innanfor naturen sine tolegrensar.
3. Vi oppmodar om å erklære nasjonal klima- og miljøkrise, då mykje av handlingsrommet ligg på nasjonalt nivå.
4. Dette skal vere eit premiss for det vidare arbeidet i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Vestland fylkeskommune.»

**Stian Jean Opedal Davies (A)** sette fram slikt forslag:

«Nytt forslag:

- Vestland fylkesting erklærer global klima- og økologisk krise.
- Vestland fylkeskommune tek ansvar som eit føregangsfylke i Noreg for utvikling av ny miljøvennleg teknologi og ein grøn industri som skapar vekst og velferd i heile Noreg. Vestland fylkeskommune vil arbeide for at all produksjon av varer og tenester skjer på ein berekraftig måte.
- Vestland fylkesting vil arbeide for ei rettferdig omlegging som sikrar velferd og arbeidsplassar.
- Vestland fylkesting oppmodar kommunar, fylkeskommunar og Storting til å erklære klimakrise og naturkrise.»

Det var 64 representantar til stades.

Fylkestinget vedtok å realitetsbehandle forslaget mot 3 røyster (3FNB). Forslaget vart handsama som PS 21/18 Global klima- og økologisk krise.